

Saksbehandlar: Trine Lise Sagmo, Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/2629-1

Budsjett 2019 - økonomiplan 2019 - 2022 Samferdsle

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for samferdsle sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til tilpassing innanfor gjevne sektorrammer.
2. Hovudutval for samferdsle vil peike på utfordringar knytt til å følgje opp tunnelrehabiliteringsplanen. Regional transportplan syner at behovet for løyvingar til drift og vedlikehald i perioden 2018 - 2021 er omlag 100 - 150 mill. kr høgare enn driftsramma for at forfallet på vegnettet ikkje skal auka og at vi skal gjennomføre plan for tunnelrehabilitering. Hovudutval for samferdsle ber om at ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet vert auka med minimum 50 mill. kr i årleg i perioden 2020-2022.
3. Hovudutval for samferdsle ber om at ramma til kollektivområdet vert auka med 9 mill. kr årleg frå 2019 for å dekkje uføresett auka kostnadsauke i bussanbod Sogn. Hovudutvalet syner også til at drivstoffprisar og rente er på veg oppover etter nokre år med nedgang. Dette vil auke kostnadane i buss- og båtkontraktane.
4. Hovudutvalet for samferdsle vil peike på utfordringane knytt til å nå gjeldande målsetjingar om utsleppsreduksjon av klimagassar. Dei eksisterande kontraktane på ekspress- og lokalbåt går ut 30.04.2022. Pr. i dag kan det sjå ut til at bestilling av nullutsleppsteknologi på ekspress- og lokalbåt vil kunne medføre ein kostnadsvekst på opp mot 100 mill. kr årleg. Å lyse ut anbod på båttrutene er ein omfattande og tidkrevjande prosess der ein tidleg må ta val som vil påverke kostnaden.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

Finansutvalet handsama i møte 07.03.2018 arbeidsdokument 1/18. I arbeidsdokumentet rådde fylkesrådmannen til følgjande tilnærming til økonomiplanarbeidet våren 2018:

- Arbeidsinnsatsen vert retta mot økonomiplanåret 2019
- For åra 2020 - 2021 er gjeldande økonomiplan utgangspunkt
- Økonomiplanåret 2022 vert ei vidareføring av 2021 justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/ slutt førte tiltak
- Økonomiske verknadar av disposisjonar i 2019 vert innarbeidd for økonomiplanåra 2020-2022 .

Finansutvalet slutta seg til fylkesrådmannen si tilråding.

Denne saka tek utgangspunkt i sektorrammene som vert lagt til grunn for økonomiplanarbeidet, skissert tilnærming til økonomiplanarbeidet og finansutvalet si bestilling til hovudutvala i arbeidsdokument 1/18.

2. Økonomiske rammer

I arbeidsdokument 1/18 heiter det m.a.:

I FT - sak 59/17 Budsjett 2018/økonomiplan 2018 - 2021 vart det i punkt 6 vedteke følgjande:

«Økonomiplanen sine rammer for 2019 - 2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan».

Finansutvalet startar no opp arbeidet med økonomiplandelen av budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022. Økonomiplanen skal vedtakast i juni. Hovudmålet med dette arbeidet er å trekke opp dei meir langsiktige linjene for den økonomiske utviklinga. Det vil såleis vere økonomiplanarbeidet no i vår som vert viktig for eventuelle overordna grep på tvers av sektorane og eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor. Sektorrammene som skal leggjast til grunn for arbeidet er sett opp i tabellen nedanfor:

Økonomiske rammer	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2 328,226	-2 298,710	-2 225,873	-2 226,528
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	178,264	175,391	174,743	175,398
Opplæring	856,861	852,779	847,196	847,196
Tannhelsetenesta	81,635	81,635	81,635	81,635
Næring og kultur	145,487	143,671	143,671	143,671
Samferdsle	1 065,979	1 045,234	978,628	978,628
Sum sektorrammer	2 328,226	2 298,710	2 225,873	2 226,528

3. Bestillingar til hovudutvalet frå finansutvalet

I arbeidsdokument 1/18 heiter det m.a.:

Tidlegare år har hovudutvala hatt ei svært viktig rolle i samband med utgreiings - og prioriteringsarbeidet i « SFJ2019 ». I 2017 kom i tillegg prioriteringsoppgåver knytt til investeringsplanen.

Som tilrådd i pkt. 1 ønskjer fylkesrådmannen at arbeidsinnsatsen vert retta mot økonomiplanåret 2019. Det gjeld også økonomiplanarbeidet til hovudutvala.

Fylkesrådmannen tilrår difor at arbeidet i hovudutvala no i vår i hovudssak dreiar seg om å finne best moglege tilpassingar innanfor gjevne sektorrammer. Framlegg til tilpassingar må mellom anna sjåast i lys av følgjande moment:

- Gjev rekneskapsresultatet for 2017 grunnlag for rammejustering på enkelte område?
- Løyser vi ufordelte innsparingskrav som ev. er innarbeidd i sektorrammene?
- Sikrar framlegget god gjennomføring og «rett» effekt av alt vedtekne innsparingstiltak?
- Er ev. omprioriteringar innanfor sektorramma synleggjort på oppgåve-/ tiltaksnivå?

I tillegg bør hovudutvala få høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansierte innanfor sektorramma.

Fylkesrådmannen vil legge til rette for oppfølging av dette gjennom eigne budsjettsaker i hovudutvala i mars/april.

Finansutvalet slutta seg i møtet til følgjande tilråding:

Økonomiplanarbeidet i hovudutvala våren 2018 skal i hovudsak dreie seg om å finne best moglege tilpassingar innanfor gjevne sektorrammer.

Hovudutvala får i tillegg høve til å synleggjere naudsynte tiltak som ikkje let seg finansierte innanfor sektorramma.

Fylkesrådmannen får i oppgåve å legge til rette for dette arbeidet gjennom eigne budsjettsaker til hovudutvala i mars/april.

4. Budsjett 2019 / Økonomiplan 2019-2022

4.1 Overordna budsjettammer samferdslesektoren

I vedteke budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 er det lagt til grunn følgjande fordeling på programområde innanfor samferdslesektoren:

Programområde	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022*
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	543,050	479,761	479,761	479,761
730 Bilruter	240,024	240,024	240,024	240,024
731 Fylkesvegferjer	146,012	142,695	142,695	142,695
732 Båtruter	105,170	105,170	105,170	105,170
733 Tilrettelagd transport	10,978	10,978	10,978	10,978
Sum	1045,234	978,628	978,628	978,628

* Budsjett for 2022 er ein vidareføring av løyvinga i 2021.

4.2 Fordeling av midlane

I det følgjande vert det gjort ei vurdering av tilpassing til gjeldande sektorrammer.

Programområde 460 Tenester utanom ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde

Teneste 4606 Diverse tilskott samferdsle

Dette tenesteområde inngår ikkje i sektorramma til samferdsle. Hovudutvalet har fullmakt til å sjå utgifter her i samanheng med løyvingar innanfor programområde 722 og 731.

Fylkesdirektøren syner til vedtaket i fylkestinget i sak 57/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2027, jf. pkt. 6:

«Sykkelbyavtalen med Førde vert forlenga med 4 år gjeldande frå 01.01.18 til 31.12.21. Kostnaden, kr 180 000, - pr. år, vert å innarbeide i dei årlege budsjetta. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme og signere avtalen. Fylkesrådmannen får tilsvarende fullmakt til forlengje sykkelbyavtalen med Flora kommune når den går ut 31.12.18.»

Fylkesdirektøren tilrår at det vert omprioritert 0,360 mill. kr frå teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald for å dekkje kostnaden med vidareføre sykkelbyavtalane med Førde og Flora.

Tiltak for gåande og syklande – enkel fysiske tiltak i dei største sentrumsområda

I investeringsprogram for fylkesvegar 2018-2021 er det løyvd 40 mill. kr i perioden til enkle fysiske tiltak i dei største sentrumsområda. Løyvinga er fordelt med 10,5 mill. kr årleg i 2018-2020 og 8,5 mill. kr i 2021. I budsjettet vart det sagt at det skulle gjennomførast ei kartlegging av dagens tilhøve og behov.

I gå og sykkelstrategien pkt. 5.2.4. er det peika på følgjande tiltak som kan betre tilhøva for gåande og syklande:

- attraktiv sykkelparkering
- tilrettelegging i bygningar
- forbetringar av dagens anlegg

Det syner seg at dette dels er tiltak på anlegg som ikkje er eigd av fylkeskommunen og som det då ikkje kan nyttast investeringsmidlar til. Dette må løyvast som driftsmidlar og gis som tilskott til kommunane og ev. andre. Sidan løyvinga på investeringsbudsjettet er finansiert av lånemidlar kan vi ikkje omprioritere midlane til drift. Ei slik løyving må finansierast av omprioriteringar innanfor driftsmidlane på sektoren.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake med ei nærmare vurdering av behovet for ei slik løyving på driftsbudsjettet for åra 2019 -2022 i samband med budsjettsaka til hovudutvalet 25. september.

Som ei følgje av dette må vi også gjere ei vurdering av løyvinga til dette tiltaket på investeringsbudsjettet.

Konsekvensar for 2018-budsjettet knytt til dette vil bli teke opp i samband med sak om tertialrapport 1/18.

Programområde 722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak

Teneste 7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald

Statens vegvesen har frist til 26. april til å levere innspel til budsjett for 2019. Vi har såleis førebels ikkje detaljert oversikt over behov innanfor posten.

I FT-sak 57/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 vart det sagt at behovet for løyvingar til drift og vedlikehald i perioden 2018-2021 er omlag 100 - 150 mill. kr høgare enn driftsramma for at forfallet på vegnettet ikkje skal auke og for å gjennomføre plan for tunnelrehabilitering.

Det har vore enkelte forseinkingar i framdrifta i arbeidet med tunnelrehabiliteringa høve til det som var føresett i 2017 og 2018. Dette gjorde at det i FT-sak 38/17 Tertialrapport 2/2017 vart sett av 57 mill. kr på disposisjonsfond for å sikre tilstrekkelige løyvingar knytt til tunnelrehabilitering i seinare år. Desse midlane er førebels ikkje nytta. Fylkesdirektøren legg førebels til grunn at ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegane er tilstrekkeleg i 2019.

Vidare i økonomiplanen (frå 2020) vil det vere utfordringar knytt til å følgje opp planen for tunnelrehabilitering, jf. omtalen over. Dette er knytt til at det særskilde statlege tilskottet knytt til tunneltryggleiksforskrifta på 68,3 mill. kr ikkje ligg inne lenger enn til 2019. Konsekvensen av dette kan bli å redusere ambisjonsnivået i rehabiliteringa, skyve rehabiliteringa fram i tid eller redusere anna vedlikehald av fylkesvegnettet.

Fylkesdirektøren vil vidare peike på at vi framleis har eit stort vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet, samt at klimaendringar fører til ekstra utfordringar for vegar og anlegg. Det er eit mål i regional transportplan å tilpasse veginfrastrukturen til eit endra klima.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake med ei nærmare vurdering av behovet på posten i 2019 -2022 i samband med budsjettsaka til hovudutvalet 25. september.

Programområde 730 Bilruter

Bussanbod Sogn

I bussanbodet som omfattar sju kommunar i indre Sogn skal vognkostnad, dvs. rente og avskrivningar på bussar, regulerast med delindeks kapital under Statistisk sentralbyrå sin Kostnadsindeks for dieseldrivne bussar. Denne har vist seg å ha ei utvikling som ikkje samsvarar med faktisk kostnadsutvikling hos busselskapa, og har medført ein stor kostnadsvekst for fylkeskommunen.

Sidan kontraktsinngåing våren 2016 har vognkostnad auka med 106 %. I same periode har vognkostnad i dei andre busskontraktane hatt ein svak nedgang. Sidan det ikkje er rom i kontrakten for å krevje endringar i reguleringsmekanismen og forhandlingar med operatør ikkje har ført fram, har vi pr. 1.1.18 ein årleg kostnadsauke på 9 mill. kr.

Ramma til kollektivområdet bør aukast med 9 mill. kr årleg frå 2019 for å dekkje denne kostnadsauken. Fylkesdirektøren vil også kome tilbake til denne saka i samband med sak om tertialrapport 1/18.

Programområde 731 Fylkesvegferjer

Teneste 7310 Fylkesvegferjer

I budsjett 2018 vart det gjort ei flytting av kostnaden til ferjeruta Kaupanger – Frønningen frå båtruter til ferjebudsjettet. I inntektssystemet vert denne ruta behandla som ei båtrute grunna lågt tal på bilar. Fylkesdirektøren legg såleis opp til at løyvinga på 4,1 mill. kr vert flytta tilbake til båtruter.

Sambandet Barmen – Barmsund skal driftast av fylkeskommunen frå 1.6.2019. I gjeldande økonomiplan er budsjettet til ferjedrifta auka frå 2019 for å ta høgde for dette.

Statens vegvesen har frist til 26. april til å levere innspel til budsjett for 2019. Vi har førebels ikkje detaljert oversikt over behov innanfor posten.

Programområde 731 Båtruter

Budsjettet vert auka med 4,1 mill. kr jf. omtalen over om ruta Kaupanger – Frønningen.

Drivstoff

Vi har hatt nokre år med minkande drivstoffpris. Dette har gjeve til dels store utslag i form av redusert kostnad til kjøp av buss- og båttjenester. Dette gjeld særleg båtkontraktane, der 25-35 % av godtgjersla blir regulert etter utvikling i drivstoffprisen. I 2017 fekk vi ein vekst i drivstoffprisen på 24 %, og så langt i 2018 ligg prisane på eit høgare nivå enn i fjor. Dersom denne utviklinga fortset, vil kostnadene auke betydeleg framover.

Rente

Norges Bank anslår ein noko høgare rentebane frå 2019. Dette vil også påverke regulering av kontraktane.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake med ei nærmare vurdering av behovet på posten i 2019 -2022 i samband med budsjettsaka til hovudutvalet 25. september.

5. Nye anbod – kostnadsvekst ved bestilling av ny teknologi

I Regional Transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 er det lagt inn målsetjing om å kome ned i tilnærma nullutslepp for den fylkeskommunale delen av transportsektoren innan 2050. Dette er i samsvar med nasjonale mål i Nasjonal transportplan. Det er skissert ein gradvis utsleppsreduksjon i takt med tidspunkt for framtidige anbod.

Båt

Dei eksisterande kontraktane på ekspress- og lokalbåt går ut 30.04.2022. Å lyse ut anbod på båtrutene er ein omfattande og tidkrevjande prosess der ein tidleg må ta val som vil påverke kostnaden. Det vil alltid vere ei uvisse knytt til kva tilbudsprisar ein får ved utlysing av nye anbod, men om det i tillegg skal bestillast nyutvikla nullutsleppsteknologi for å nå mål om utsleppsreduksjon, er det grunn til å forvente ein kraftig kostnadsvekst.

Pr. i dag kan det sjå ut til at bestilling av nullutsleppsteknologi på ekspress- og lokalbåt vil kunne medføre ein kostnadsvekst på opp mot 100 mill. kr årleg.

Buss

For buss vert bilparken stort sett skifta ut kvart 10. år. Nyaste tilgjengelege miljø og klima-teknologi som vert vurdert hensiktsmessig og innanfor akseptable økonomiske rammer vert då teken i bruk.

Det vert ikkje vurdert til å gi meirkostnader knytt til nye vogner i gjeldande økonomiplanperiode.

6. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner i denne saka utfordringar knytt til å finansiere oppfølginga av plan for tunnelrehabilitering frå 2020 og vidare. Det er vidare synt til kostnadsvekst innanfor busskontrakten i Sogn på 9 mill. kr årleg.

Fylkesdirektøren si vurdering er at sektoren må tilførast midlar til å finansiere desse utfordringane.

I saka er det også peika på utfordringar knytt til kostnadsvekst ved bestilling av ny teknologi ved nye anbod. Dette er særskilt knytt til å nå mål om utsleppsreduksjon innanfor ekspress- og lokalbåt. Dei eksisterande kontraktane på ekspress- og lokalbåt går ut 30.04.2022. Å lyse ut anbod på båtrutene er ein omfattande og tidkrevjande prosess der ein tidleg må ta val som vil påverke kostnaden.